



SULA KOMMUNE



# Kultur- og oppvekstplan

---

*Saman om læringsreisa*

Revidert oktober 2025

2022  

---

2032



## Innhold

Forord .....	Side 4
1. Innleiing .....	Side 4
2. For å vite kvar si skal, må vi vite kor vi er og kva som ligg framfor oss .....	Side 5
3. Kultur og oppvekst .....	Side 6
4. FN sin barnekonvensjon .....	Side 8
5. FN sine berekraftsmål .....	Side 9
6. Sula, ein del av Europa .....	Side 10
7. Utviklingstrekk .....	Side 12
8. Saman om ein god oppvekst .....	Side 13
9. Saman om læringsreisa .....	Side 14
10. Barn og unge i Sula skal ha gode oppvekstvilkår .....	Side 15
Mål 1: Barn og unge har ein oppvekst som fremjar helse og inkludering, og reduserer sosial ulikskap .....	Side 16
Mål 2: Barn, unge og familiar som treng det får tidleg oppfølging og koordinerte tenester .....	Side 17
Mål 3: Medbestemming og medverknad .....	Side 18
Mål 4: Føresette gir barn og unge ein trygg og god oppvekst .....	Side 19
Mål 5: Alle har kompetanse og ferdigheiter til å møte krav i framtida .....	Side 19
Kjelder og kunnskapsgrunnlag .....	Side 23





# Forord

Kultur og oppvekstplanen er eit politisk og administrativt styringsdokument som skal legge føringar for ei langsiktig kvalitetsutvikling i kultur og oppvekstområdet, i tråd med vedteken samfunnsplan i Sula kommune. Planen skal bidra til å vidareutvikle eit felles rammeverk for både barnehage, skule, SFO, kulturskule og andre fagområde som pedagogisk psykologisk teneste, barnevern og helsestasjon. Planen skal sikre oppfølging av mål og strategiar som bidreg til at vi følger nasjonale føringar og krav.

I vedteken Samfunnsplan 2025–2035 for Sula kommune står det følgjande: Oppvekst og utdanningsfeltet er i stadig endring, og for å kunne gje barn og unge eit godt utgangspunkt, må vi arbeide saman, på gode, nye og berekraftige måtar. Gode oppvekstforhold og berekraftig samfunnsutvikling føreset god kvalitet på tenester, og fokus på heilskap og samanheng.

## 1 Innleiing

Oppvekst- og utdanningsfeltet er i kontinuerleg utvikling og vert påverka av trendar, samfunnsutvikling, føringar, reformer, lov- endringar og stortingsmeldingar som medfører stadig nye endringar og retningar for fagområda.

Ny opplæringslov som vart innført 01.08.2024, ny rammeplan i barnehage og SFO, Kunnskapsløftet (LK20) (nye læreplanar i Skulen), barnevernreforma, kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering, innføring av helseplattforma (blant anna i helsestasjon), er nokre døme på at det skjer kontinuerleg endring og utvikling, og som bidreg til at vi må endre og utvikle oss i takt med tida.

Det er eit stort nasjonalt fokus på innbyggjarinvolvering og samskaping. Samskaping inneber å snu tankegangen i offentlig sektor frå å løyse problem for innbyggjarane, til å skape dei beste løysningane saman med dei.

Kultur og oppvekstplanen legg føringar for korleis vi som kommune følger nasjonale føringar og krav, samt korleis vi arbeider med dei overordna måla i kommunen sin samfunnsplan.

### Prosess og medverknad

Planprosessen har lagt vekt på ein tredeling av kunnskapsgrunnlaget for planen:

- Forsking og nasjonale retningslinjer

- Tenesteområda sine innspel
- Barn og unge si stemme

Arbeid med å utarbeide ein kultur og oppvekstplan starta med ein felles arbeidsdag for kultur og oppvekst der ein arbeidde med idémyldring om ulike utfordringsbilde. Arbeidsgruppe som besto av kommunalsjef for kultur og oppvekst og rådgjevarar oppvekst, har bidrege til eit systematisk arbeid for å utarbeide planen. I planprosessen er det lagt stor vekt på medverknad frå barn og unge, einingar i kultur og oppvekst og aktuelle fagutval. Dette for å skape eigarskap og brei forankring. Planen vart vedteken i juni 2022, og det er gjort mindre revideringar av planen etter at ny Samfunnsplan for Sula kommune vart vedteken mai 2025.

Samfunnsplan 2025–2035 består av 5 samfunns mål. Kvar mål har forskjellige delmål som beskriv den ønska situasjonen for å oppnå samfunns målet. Både mål og delmål i samfunnsplanen er valt ut med utgangspunkt i:

- Samfunnstrendar som påverkar Sula-samfunnet
- Innspel frå medverknadsaktivitetar
- Nasjonale og regionale lover, forskrifter og retningslinjer
- Lokale planar/strategiar og kunnskapsgrunnlag



Samfunnsplanen er grunnlag for dei ulike temaplanane/kommunedelplanane i kommunen. Måla som er sett i den nye samfunnsplanen kan vi berre finne løysingane på i fellesskap, og vi må ha vilje til å lukkast saman.

Kultur- og oppvekstplan for 2022–2032 er temaplan for kultur- og oppvekst i Sula kommune, og er revidert august 2025. Det er gjort nokre mindre justeringar for å sikre at denne planen er i tråd med den nye samfunnsplanen til Sula kommune.

Med den nye visjonen «Vilje til å lukkast saman» vedteke i den nye samfunnsplanen, set Sula kommune retning for korleis vi skal utvikle oss dei neste åra. For å lukkast saman og nå måla i samfunnsplanen må vi jobbe vidare med kommunen sitt verdigrunnlag, Verdiane er meir utdjupa i samfunnsplanen. Dei 4 verdiane er:

**ærlig og open – respekt og omsorg – innovasjon – humor**

## 2 For å vite kvar vi skal, må vi vite kor vi er og kva som ligg framfor oss

I samfunnstrendar ligg både utfordringar og moglegheiter. Desse er med på å påverke både kommunen som samfunn, kommunen som organisasjon, og kultur og oppvekstområdet sine behov, forventningar, krav, endringar og utvikling som ligg framfor oss.

UngData undersøkinga 2021 viser oss at eit fleirtal av ungdommane i Sula er svært fornøgdde med lokalmiljøet og 90 % kjenner seg trygge i lokalmiljøet sitt. Det er også slik at det er færre ungdomsskuleelevar i Sula som trur dei vil fullføre vidaregåande opplæring og ta høgare utdanning enn landssnittet. Tradisjonelt er det totale utdanningsnivået i Sula kommune lavt og det er difor grunn til å arbeide vidare med å motivere ungdom til vidare og høgare utdanning. Det er i undersøkinga færre som melder at dei er med i organiserte kultur og/eller idrettsaktivitetar på fritida enn landssnittet, men undersøkinga er tatt midt i pandemien og det kan ha hatt påverknad på svarea. Det er viktig for vår sektor å legge til rette for eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar som i lag med kommunen arbeider for eit levande lokalsamfunn der barn og unge veks opp.

MOT er eit handlingsprogram det har vore satsa på i Sula kommune over fleire år. Tradisjonelt er det ungdomsskulen som har hatt programmet. MOT arbeider forebyggjande med å motvirke samfunnsutfordringar som mobbing, utanforskap og psykiske vanskar. MOT styrker ungdoms robusheit, livsmeistring og mot. I åra framover er det truleg at ein vil arbeide også i barneskulane med dette.

I 2021 var om lag 11 % av Sula si befolkning innvandrarak, dette er litt færre enn landssnittet. Det som er bra for Sula er at det ser ut som om kommunen lukkast med integrering; vi har fleire enn snittet i landet som fullfører introduksjonskurs og fleire som er i arbeid. Sula kommune er ei kommune i vekst, i eit stadig meir komplekst samfunn. Vi er nært knytt til Ålesund på ulike måtar. Mange vel å busette seg i kommunen, men arbeider i Ålesund. Særleg familiar

med barn vel å busette seg her, noko som gjer at mange av innbyggjarane er barn og unge. Arbeidsinnvandring og mottak av flyktningar er også med på å forklare auken i folketal. Sula kommune har ikkje vidaregåande skular og dei fleste av våre elevar gjennomfører vidaregåande skule i Ålesund. Det har vore ei målsetting i fleire år at alle våre elevar skal gjennomføre vidaregåande skule, ei målsetting som vi ikkje heilt har nådd enda. Sula kommune har likevel per 2021 høgare gjennomføring enn landet og fylket (Oppvekstprofil 2022). Å stimulere til gjennomføring av vidaregåande skule er eit viktig bidrag frå oppvekstfeltet til økonomisk berekraft på sikt.

I kultur og oppvekst er vi opptekne av å bidra til økonomisk berekraft ved å ha fokus på sosial berekraft. Vi vil arbeide for at alle barn og unge skal ha like sjansar til eit stabilt helsefremmande liv, utan diskriminering og utanforskap. Barn og unge skal bidra aktivt i eit fellesskap og leve som aktive samfunnsborgarar. Den sosiale berekrafta skal påverke alle dei faktorane som gjer folkehelsa betre og den mest grunnleggjande innsatsen for å betre folkehelsa er å betre oppvekstforholda for alle barn. Gode oppvekstforhold og ei berekraftig samfunnsutvikling føreset kvalitetsmessig gode tenester, prega av heilskap og samanheng.



### 3 Kultur og oppvekst

I Sula kommune har vi organisert helsestasjonen, barnevernet og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i Tiltakseining for barn og unge (TBU). I Kultur-eininga har vi bibliotek, kulturskolen og utekontakt/fritidsklubb. Det er tre barneskular, ein ungdomsskule, fire kommunale barnehagar, fire private og ein open barnehage i Sula kommune. Skulestrukturen er gjennom år optimalisert og det er relativt nye og gode skulebygg. Barnehagane er også i god stand, men ein må i løpet av planperioda ta stilling til kva grep ein skal gjere ved Sunde barnehage då det er den minste barnehagen og har det bygget som det i løpet av dei neste åra må gjerast noko med. TBU bør i løpet av planperioda samlokalisert. Det må også takast stilling til om kultureininga skal samlokalisert i t.d. eit kulturhus. Alle kommunale einingane er sjølvstendige drifts-

einingar som rapporterer politisk til oppvekstutvalget og administrativt til Kommunalsjef for kultur og oppvekst.

God kvalitet i tenestene er viktig for kultur og oppvekstsektoren i Sula kommune. Tenestene i sektoren må arbeide etter både nasjonale, regionale og lokale føringar.

Dei nasjonale føringane seier mellom anna at ein skal sikre gode oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Barn og unge skal ha fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap og barn og unges behov.

Dei nasjonale rammeverka, lovverk og strategidokument som skal ligge til grunn for alt arbeid i kultur og oppvekst er omtala i vedlegg nr. 1, der ein også finn linkar til dokumenta.

**Dei lokale satsingsområda til sektoren er nærare beskrive seinare i planen, men hovudområda våre er:**

- Inkludering
- Samhandling
- Digitalisering

Nasjonale myndigheiter legg til grunn regionalt samarbeid for å heve kompetanse i barnehage, skule og elles i laget rundt barnet.

Sula er for barnehage, skule, SFO og PPT med i eit regionalt samarbeid på Nordre Sunnmøre i lag med Stranda, Sykkylven, Giske, Fjord og Ålesund. Det regionale arbeidet baserer seg på nasjonale føringar. Det er representantar for kommunane, UH-miljøet og statsforvaltaren som administrerer ordningane. Økonomisk er det statlege midlar som statsforvaltaren etter søknad fordeler ut til kommunane.

Dei lokale måla for sektoren er basert på dei nasjonale målsettingane.

Gjennom å utøve verdibasert pedagogisk leiarskap, gjer leiarane i oppvekst sitt til at vi gjennom dei kommunale tenestene arbeider for å gi kvart barn eit godt utgangspunkt for livet vidare.


**Leiarane i oppvekst skal difor:**

- Ha god kunnskap om kva som har positiv effekt på barn si utvikling og læring.
- Kjenne til kva praksis dei tilsette i eiga eining møter borna (og familien) med.
- Kunne leie profesjonsarbeidet i eininga slik at dei tilsette saman vidareutvikler ein felles kunnskapsbasert praksis.
- Bygge relasjonar basert på tillit som bidreg til at kvar tilsett – og dermed eininga – lukkast med å implementere kunnskapsbasert praksis.
- Kunne løyse komplekse problem som oppstår her og no.

(Frå leiarplattforma vår)

Oppvekstforhold og utdanning er viktig kommunale innsatsområde, både for kommunen som heilheit og for den enkelte innbyggjar. Erfaringar frå barndommen påverkar moglegheiter, livskvalitet og samfunnsdeltaking gjennom livet. Oppvekst- og utdanningsfeltet er i stadig endring, og for å kunne gje barn og unge eit godt utgangspunkt, må vi arbeide saman, på gode, nye og berekraftige måtar. Gode oppvekstforhold og berekraftig samfunnsutvikling føreset god kvalitet på tenester, og fokus på heilskap og samheng.

Vi ønsker at barn og unge i kommunen skal ha ein trygg oppvekst, likeverdige tilbod og moglegheiter. Dei skal utvikle kompetanse som fremjar meistring, deltaking og god psykisk og fysisk helse, og som bidrar til at dei er best mogleg rusta for vaksenlivet. I møte med våre tenester skal barn og unge møte autoritative vaksne med rett kompetanse, omsorg for og blick for det enkelte barn sine utfordringar.






## 4 FN sin barnekonvensjon

Norge forplikta seg på å følge FN sin barnekonvensjon i 1991. I 2003 vart denne forpliktinga skjerpa ved at ein tok inn barnekonvensjonen som ein del av lov om styrking av menneskerettane i norsk rett. Barnekonvensjonen står over norske lover, nest etter Grunnlova. Kommunen har ein sjølvstendig plikt til å respektere og garantere konvensjonens rettar.

Barnekonvensjonen skal naturleg ligge til grunn for alt arbeid med barn og unge i Sula kommune. Sula kommune vil ha eit særskilt fokus på dei konvensjonane som vist her.

### Viktige tiltak for å lykkes med dette:

- Einingane har jamnleg fokus på menneskesyn og verdier.
- Det skal vere nulltoleranse for omsorgssvikt og overgrep mot barn og unge.
- Tilsette fremmar likeverd, mangfald og inkludering.
- Informasjon frå brukarundersøkingar nyttast systematisk.
- Einingane sikrar at nyttilsette får god informasjon og skuleringstilbod.
- Barnets stemme og barnets beste vurdering skal ligge til grunn for alle våre vurderingar.
- Alle barn i Sula skal kunne delta i minst ein fritidsaktivitet.



Medbestemmelse



Kultur og fritid



God omsorg



Vern mot overgrep



Særskilt vern og støtte



Fullverdig liv



God helse



Sosiale tjenester



God utdanning



Levestandard

## 5 FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan og ein ønskjer å oppnå måla innan 2030. Det er 17 mål totalt med 169 delmål. For sektoren vår totalt sett så vil ein nok på ulikt vis arbeide med alle måla. Denne planen legg til grunn fire av dei som vi meiner er viktige for vårt arbeid med kultur og oppvekst i Sula kommune.



I kultur og oppvekst skal vi ruste barn og unge både psykisk og fysisk til å meistre livet. Vi skal arbeide forebyggjande frå graviditet til dei går ut av ungdomsskolen. Helsetenester vil dei også få vidare inn i vidaregåande skule.



I kultur og oppvekst skal vi sikre at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring. Det er ei målsetting at alle skal fullføre vidaregåande skule. Gjennom internasjonalt utdanningssamarbeid og ei satsing på innovasjon og entrepenørskap vil ein sikre alle barn og unge ei god utdanning.



I kultur og oppvekst skal vi sikre alle barn og unge like moglegheiter til deltaking i organiserte fritidsaktiviteter. Vi skal også sikre at alle barn og unge får eit likeverdig tilbod i barnehage og skule og kultur uavhengig av kvar på øya ein får teneste.



I kultur og oppvekst skal vi forvalte ressursane på ein berekraftig måte. Vi skal legge til rette for eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar slik at ein får til eit godt og berekraftig lokalsamfunn. I kultur og oppvekst vil vi i åra framover ha eit tydelegare fokus på sosial berekraft, mellom anna gjennom MOT og internasjonalt utdanningssamarbeid.



## 6 Sula, ein del av Europa

*I barnehage og skule skal vi førebu barn og unge på ei framtid ingen av oss veit kva vil bringe. Framtidas kompetanse kan vere der vi er i dag eller noko heilt anna. Endringskompetanse og å styrke det enkeltes barns tru på seg sjølv og å gje dei eit godt fundament for framtida er viktig for oss.*

Gjennom ei satsing på eit europeisk utdanningssamarbeid vil vi auke den kulturelle forståinga for borna i Sula. Vi kan utvide horisonten vår samtidig som vi vil bli betre på å inkludere dei som kjem frå andre land til Sula. I eit Europa i stadig endring er det viktig med eit tett og godt samarbeid. Sula kan også bidra med erfaringar og kunnskap på viktige områder for samarbeidspartnarar.

Gjennom deltaking i Erasmus+ samarbeid forpliktar Sula seg til å arbeide inn mot dei målsettingane og prioriteringane som regjeringa har nedfelt i sin strategi for europeisk samarbeid. Målsettingane samsvarar godt med dei innsatsområda vi har lokalt og med det arbeidet vi har gjort dei siste åra. Hovudmålsettinga til regjeringa er å støtte livslang læring gjennom utdanning og personleg og profesjonell utvikling for befolkninga i Europa og utanfor. Det skal vere enkelt å delta og ein skal arbeide for å redusere klimaavtrykka. Ei tredje målsetting er å utnytte dei mulighetene som digitalisering kan gje i høve internasjonalt samarbeid. Den siste målsettinga er å auke interessa for, og kunnskapen om korleis ein kan delta i demokratiet og påverke sin eigen kvardag. Elles er det sektorspesifikke prioriteringar som t.d. handtere læringsutfordringar, hindre fråfall og auke grunnleggande ferdigheiter i skulesektoren aktuelle tema. Vårt fokus på sosial berekraft og innovasjon og entreprenørskap vil vere aktuelt i eit internasjonalt samarbeid.



«Det beste med foreldre  
er kjærlighet»

Gutt, 5 år



## 7 Utviklingstrekk

I Sula kommune er det pr. 4. kvartal 2021, 9547 innbyggere. Barne- og ungdomsbefolkninga utgjør i overkant av 24 % av disse, dette er signifikant høgare enn både fylket og landet.

Sidan 2011 har barnetalet i Sula auka jamt, berre i skule har elevtalet auka med 223 elevar i denne perioda. Det har ført til store utfordringar både for barnehagedekning, skulane og for hjelpetenestene. Per 2021 har barnetalet for dei yngste gått litt ned. I SSB sine framskrivingar peikar ein på at det skal bli ein markant nedgang i barnetal, men fødselstala viser ikkje same nedgang. Framskriving av barnetal og antal fødselar er den mest usikre prognosa ein har i ein beskrivelse av demografi i ein kommune. Fødselstalet er avhengig av mange faktorar der arbeidsmarknaden og tilrettelegging av boligutbygging

nok er dei mest sentrale. Det vil i Sula kommune vere ei utfordring å møte den aukande aldrande befolkninga samtidig som vi har ein høg andel barn og unge.

I sektoren har ein sett på fødselstala fram til 2021 og laga ei elevtalsframskriving, denne gir også barnehagane verdifull informasjon. Ser ein framover så er vi i 2032 omtrent der vi var i 2011 då elevtalsveksten starta for fullt. Imidlertidig så har ein ikkje oversikt over tilflytting og fråflytting frå kommuna i åra framover.

Tabellen under viser fødselstal som gir ei framskriving av elevtalsutvikling. Det vert arbeidd systematisk med kunnskap om tal og framskrivingar.

Årskull ved dagens skulekretsgrenser (Fiskarstranda og Måseide slått saman)											
Fødselsår	Langevåg skulekrets			Rørstadmarka			Solevåg skulekrets			Sula U	Alle
	Jenter	Gutar	Sum	Jenter	Gutar	Sum	Jenter	Gutar	Sum		Sum
2021	30	27	57	16	11	27	11	11	22		106
2020	35	26	61	13	13	26	9	14	23		110
2019	20	26	46	15	14	29	17	8	25		100
2018	23	39	62	11	17	28	14	15	29		119
2017	35	38	73	14	18	32	16	19	35		140
2016	29	46	75	18	22	40	8	14	22		137
2015	30	38	68	15	20	35	9	21	30		133
2014	35	43	78	12	20	32	18	11	29		139
2013	42	33	75	14	20	34	17	19	36		145
2012	37	43	80	13	11	24	16	21	37		141
2011	37	44	81	18	16	34	18	17	35		150
2010	46	38	84	20	15	35	14	16	30		149
2009	36	36	72	19	13	32	21	23	44		148
2008										112	112
2007										121	121
2006										133	133

I Sula har vi mange gjennomsnittsfamiliar når ein ser på dei sosioøkonomiske ressursane. Tradisjonelt har utdanningsnivået i den vaksne befolkningsgruppa vore låg. Det er ingen teikn på store forandringar i dette biletet. Det blir difor viktig i planperioden at ein opprettheld ordningar som sikrar barn og unge lik deltaking og inkludering i fritidsaktivitetar.

## 8 Saman om ein god oppvekst

BTI satsinga og fokuset Sula kommune har hatt på samhandling og tverrfagleg arbeid over fleire år gjer at kommunen har gode støttepillarar på plass i laget rundt barnet.

Barnevernsreforma og ny lov om Barnevern blir innført i hhv. 2022 og 2023. Denne reforma vil føre til at dei kommunale tenestene skal overta mange av dei statlege oppgåvene og at kostnadane til tiltak vil auke. Ein premiss for reforma er at alle i laget rundt barnet skal arbeide med tidleg innsats og ei av målsettingane er at barnevernstenesta skal arbeide med kjernebarnevern. Kjernebarnevern er at lettare tiltak, t.d. om ein familie treng støtte til barnehageplass så er det like naturleg at dette kan vere ei oppgave for NAV som at det er ei barnevernsteneste si oppgave.

«Framtidas kulturskule» er også eit satsingsområde for Sula kommune. Opplæringslova regulerer at alle landets kommunar skal ha eit kulturskuletilbod. Våren 2021 kom det for fyrste gong ei Stortingsmelding om kultur for barn og unge «Meld. St. 18 (2020–2021) Opplæringslova — Kunst og kultur for, med og av barn og unge». Sula kommune må i åra framover arbeide med å knytte oppvekst og kultur tettare saman og dra vekslar på kvarandre i større grad enn per i dag. I 2022 får vi på plass Kulturkarusell for alle 3. klassingar på Sula og dette er eit samarbeid vi må bygge vidare på. Sula er i førarsete når det gjeld samhandling med kultur noko vi har fått til mellom anna ved å inkludere kulturskulen i den digitale satsinga vår.



## 9 Saman om læringsreisa

Sula kommune må ha gode tenester som barn/unge og familiar skal ha tilgang til, og som skal kunne gje ekstra støtte i periodar då dei treng det. Dette føreset at tilsette har høg fagkompetanse, utviklar denne kontinuerleg, er fleksible og kan samarbeide og samordne innsatsen sin. Kompleksitet i utfordringane gjer at behovet for tverrfagleg samarbeid og kompetanse blir viktig, for å finne gode løysingar; utnytte ressursane godt og for å få større grad av samanheng.

Kultur – og oppvekstsektoren skal gi barn og unge kompetanse og ferdigheiter, slik at dei kan meistre livet og kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Vi må derfor ha gode universelle tenester, som alle barn og unge skal ha tilgang til, og kunne gi ekstra støtte til dei som treng det, i kortare eller lengre periodar av livet. Dette forutsett at vi har tilsette med høg fagkompetanse, er i kontinuerleg utvikling, er fleksible og har evne og vilje til samarbeid og samordning. I møtet med komplekse utfordringar hjå barn og familiar, blir behovet for det tverrfaglege ekstra tydeleg. I utviklinga av dei universelle tenestene som helsestasjon, barnehagar og skular, er godt samarbeid og kompetanseoverføring mellom tenester og fag viktig. Framtidas tenester er inkluderande og bygg på alle barn sin rett til deltaking og opplæring. Tverrfagleg kompetanse gir betre løysningar, betre bruk av ressursar og større grad av samanheng. Vi må i åra framover arbeide meir strategisk med koordinering av høg kompetente fagmiljø, samtidig som vi har ei klar fordeling av oppgåver og ansvar, som sikrar kvalitet i tenesteyting og god bruk av ressursar.

Det å møte framtida i Sula inneber også å ha fokus på den miljømessige berekraft. Levekår og folkehelse blir påverka av omkringliggende faktorar, og måten vi behandle miljøet vårt på vil på sikt få konsekvensar også korleis vi kan leve. Det å være bevisst på korleis både personleg liv og samfunnsliv påverkar omgivnaden rundt oss, er en del av både den sosiale og miljømessige berekrafta.

Med dette som bakteppe så er visjonen til kultur og oppvekst «Saman om læringsreisa»; ein visjon som er visualisert i modellen under.

### Læringsreisa:

Frå 2017 har vi nytta metaforen Læringsreisa for dei første femten åra i livet til borna.

Metaforen bidreg til ei felles forståing og samla fokus for utviklings- og kvalitetsarbeidet i KO. Alle einingane i KO skal bestå av trygge vaksne. Dei vaksne bygger relasjonar og samarbeider tverrfagleg på ein slik måte at alle barn og unge får gode og koordinerte tenester. Barn og unge skal kjenne seg verdsett, og dei vaksne skal fungere som støttespelarar for alle barn gjennom heile læringsreisa slik at barna utviklar seg til trygge vaksne.



## 10 Barn og unge i Sula skal ha gode oppvekstvilkår

Samfunns mål 1 i Sula kommune sin nyleg vedteke samfunnsplan «Barn og unge i Sula skal ha gode oppvekstvilkår» byggjer på kultur og oppvekstplanen sine 5 målområde. Kultur og oppvekst sine mål og strategiar er utarbeidd i tråd med rammeverket som gjeld for kultur- og oppvekst, og dei behova vi ser i åra framover. For at det tverrfaglege tenestetilbodet skal bli godt, må fleire nivå av kommunen sin innsats koordinerast.

### I samfunnsplanen ligg det 8 delmål for korleis vil vi ha det:

- Alle barn og unge har godt utbytte av det ordinære barnehage- og skuletilbodet i kommunen
- Barn, unge, deira familiar og gravide får helsefremmande og førebyggjande tenester
- Føresette evnar å gi barn og unge rettleiing og støtte
- Barn, unge og familiar som treng det, får tidleg oppfølging og koordinerte tenester
- Barnehage- og skulemiljøet har god kvalitet, og er trygt, godt og inkluderande
- Barn og unge opplever fellesskap og tilhøyr, også i fritida
- Alle barn og unge har like moglegheiter
- Barn, unge og deira familiar får nødvendig støtte i overgangar i ny livsfase

Kultur og oppvekstområdet omfattar ei rekke tenester og fagområde som er retta inn mot barn og unge. Gjennom læringsreisa blir det lagt til rette for barna sine moglegheiter for læring og utvikling.

For å sikre at vi i Sula legg til rette for at barn og unge får ein god oppvekst, er det viktig at vi har eit felles rammeverk med overordna føringar. Målet er at alle barn og unge vert ivaretatt uavhengig av sine føresetnader, og at alle barn og unge har like moglegheiter. Eit likt rammeverk må likevel ikkje vere til hinder for metodefridom slik opplæringslova seier for skulesektoren. Det vert jobba med felles

«Når ej har blitt jobbemann, så skal ej borre eit hull i veien. Når ej ikke er jobbemann, då skal ej jobbe her».

Gutt, 4 år

utviklingsarbeid, felles mellom skulane, på tvers av skule/Sfo og barnehage, PPT, barnevern og helsestasjon. Dette er eit uttalt mål som skal bidra til eit heilskapleg lagspel kring barnet.

Rammeverket skal vere bygd på kultur og oppvekstplanen sine mål, strategiar og satsingar, som igjen er godt forankra i Sula kommune sin samfunnsplan.

Det sett i gang eit utviklingsarbeid nettopp for å sikre eit målretta arbeid inn mot hovudmål og delmål for Sula kommune. BARN SOM MEISTRAR er prosjektittel for hovudprosjektet og starta haust 2024 som del av omstillingsarbeidet i kommunen. Vi skal framover gjennom eit heilskapleg utviklingsarbeid blant anna gjennom kompetanseutviklingsprogrammet frå utdanningsdirektoratet sine satsingar, sikre at vi legg til rette for at alle barn og unge i sula skal ha gode oppvekstvilkår. Ulike delprosjekt i kultur og oppvekst skal også bidra til målretta satsing, og skal bidra til å styrke eit felles rammeverk innan oppvekstområdet.

### Denne planen har forankra innsatsområde og har følgjande mål, som blir utdjupa på dei neste sidene. Vi har gjennom samskaping definert fem målområde for planperioden 2022–2032:

1. Barn og unge skal ha ein oppvekst som fremjar helse og inkludering, og reduserer sosial ulikskap, og dei skal motiverast til vidare utdanning
2. Barn, unge og familiar som treng det skal få tidleg oppfølging og koordinerte tenester
3. Medbestemming og medverknad
4. Føresette gir barn og unge ein trygg og god oppvekst
5. Alle har kompetanse og ferdigheiter til å møte krav i framtida

Delmåla er synleggjort i denne planen «slik vil vi ha det» og «slik gjer vi det».



## Mål 1 *Barn og unge har ein oppvekst som fremjar helse og inkludering, og reduserer sosial ulikskap.*

### **Slik vil vi ha det**

Vi vil ha trygge barn som møter trygge vaksne og veks opp i helsefremjande omgjevnader.

### **Slik gjer vi det**

- Føresette får oppfølging og råd på helsestasjonen under graviditeten, i sped- og småbarnsalder, og skulealder.
- Barn og unge opplever eit trygt og stimulerande fysisk miljø og eit trygt og godt psykososialt på alle arenaer.
- Inne- og utemiljø blir lagt til rette med omsyn til ulike behov og tryggleik.
- Tilsette tilrettelegg for fysisk aktivitet og er aktivt med i leiken på barnehagen og skulen sitt område, og i nærmiljøet.
- Vi tryggar skulevegen til barn og unge gjennom eit kontinuerleg arbeid i skular, administrasjonen og FAU.
- Barn og unge opplever å høyre til og blir gitt moglegheiter tilpassa evner og føresetnader, i barnehagen, skulen og i ulike kultur- og aktivitetstilbod.
- Vi legg til rette for felles opplevingar.
- Vi har eit variert kultur- og aktivitetstilbod i kommunen, som treff dei fleste barn og unge sine behov.

### **Slik vil vi ha det**

Tilgang på gode tenester og tilbod.

### **Slik gjer vi det**

- Vi har lavterskeltilbod og tverrfagleg samarbeid om barn og unge som treng det.
- Barn, unge og føresette får god informasjon om tenestetilbod via kommunen si heimeside og i kontakten med einingane.
- Barn, unge og føresette får god informasjon om kultur- og aktivitetstilbod via kommunen si heimeside og frå einingane.
- Vi har tilgang på gode ordningar slik at alle får lik moglegheit til å delta i aktivitetar på fritida.
- Utekontakten møter ungdom fast på ungdomsskulen.

### **Slik vil vi ha det**

Barn, unge og familiar får rett hjelp, til rett tid, med rett til kompetanse.

### **Slik gjer vi det**

- Barn, unge og familiar blir møtt med målretta, kunnskapsbaserte, koordinerte og heilheitlege tiltak.
- Vi er BTI-kommune (Betre tverrfagleg innsats) og nyttar digitale samhandlingsverktøy.
- Vi har lavterskeltilbod og rutinar der ein har fokus på naudsynt kartlegging og tiltak. Tilsette kjenner til- og nyttar desse.
- Fagområda i TBU har faste møtepunkt i barnehagar og skular, og bistår med råd og involverast i samarbeidet tidleg.
- Barn og unge blir rettleia inn i aktivitetar som vil utvikle dei som menneske, bidra til inkludering, at dei opplever å høyre til og har aktive liv.
- Alle tilsette har kompetanse til å avdekke og handtere krenking, mobbing, vald og overgrep.

## Mål 2 *Barn, unge og familiar som treng det får tidleg oppfølging og koordinerte tenester.*

### **Slik vil vi ha det**

Tidleg identifisering og hjelp til barn, unge og familiar med særlege utfordringar.

### **Slik gjer vi det**

- Vi har fokus på identifisering og tidleg innsats, og nyttar BTI-modellen frå uro oppstår.
- Vi involverer føresette tidleg, og innhenter samtykke til å samarbeide på tvers av tenester og til å dele relevant informasjon.
- Vi har gode og relevante lavterskeltilbod til barn, unge og foreldre, t.d. SamBa vert gjennomført for å få ei brei tverrfagleg drøfting av utfordringar så tidleg som råd, samt iversetje hjelp/tiltak ved behov.

### **Slik vil vi ha det**

Barn, unge og familiar skal oppleve gode samanhengar og avklarte roller i heile læringsreisa.

### **Slik gjer vi det**

- Læringsreisa er i fokus til ei kvar tid.
- Vi har gode oppstartsrutiner i alle einingane.
- Vi har gode overgangsrutinar mellom barnehage, barneskule/SFO, ungdomsskule og vidaregåande skule. Særleg sårbar ungdom kan få bistand ved overgangen til vaksenlivet.
- Vi samarbeider med føresette, både digitalt og i fysiske møte.
- Vi har open og god kommunikasjon og reglar for samarbeid i den tverrfaglege samhandlinga og i kontakta med føresette.

### **Slik vil vi ha det**

Barn og unge skal i hovudsak få hjelp og gode tilbod der dei er.

### **Slik gjer vi det**

- Alle gravide og barn blir møtt av jordmor og helsesjuepleiar på helsestasjon og på heimebesøk.
- Helsestasjon følgjer opp barn gjennom faste kontrollar og vi har ei godt utbygd skulehelseteneste for barn og unge.
- Vi har psykisk helsetjeneste for barn og unge, der både barn og ungdommar og deira familiar får et tilbod utover det skulehelse tjenaesta tilbyr.
- Det er etablert ressursteam på alle skulane i Sula.
- Hjelpetenester har faste kontaktpunkt i barnehagar og skular, og kan bistå med råd tidleg.
- Barn under opplæringspliktig alder får spesialpedagogisk hjelp dersom dei har rett på det.
- Elevar i grunnskulen får spesialundervisning dersom dei har rett på det.
- Vaksne får spesialundervisning (Vaksenopplæring) dersom dei har rett på det.
- Vi har eit mangfaldig kultur- og fritidstilbud, med mange og differensierte organiserte tilbod.

### Mål 3 Medbestemming og medverknad.

#### **Slik vil vi ha det**

Barn og unge si stemme blir høyrd og dei får høve til å medverke.

#### **Slik gjer vi det**

- Tilsette bruker barnekonvensjonen aktivt i sitt arbeid og har kompetanse i korleis medverknad og medbestemming skal ivaretakast.
- Barn og unge har innflytelse i saker som angår dei og skal involverast i prosessar og avgjerder.
- Kommunikasjon og informasjon er tilpassa barn/unge sin alder, individuelle føresetnader og behov, og deira synspunkt blir vektlagt i samsvar med alder og modning.
- Vi har system- og følgjer rutiner for individuell og kollektiv medverknad (t.d. barnesamtalar, utviklingssamtalar, barnemøte, elevrådsmøte, ungdomsråd, styringsdialogmøte).
- Barnerepresentant ivaretek barn og unge si stemme i plan- og byggesaker.
- Vi sikrar at barn/unge si stemme kjem tydeleg fram i all kommunal sakshandsaming som angår dei, og følgjer rutiner for dette.

#### **Slik vil vi ha det**

Gode møteplassar for samhandling der alle får høve til å medverke.

#### **Slik gjer vi det**

- Føresette blir involvert gjennom t.d. FAU, SU, styringsdialog, brukarundersøkingar, foreldremøte og kontinuerlig kontakt med einingane.
- Tilsette blir involvert gjennom t.d. nettverksmøte, personalmøte, medarbeidersamtalar, styringsdialog, brukarundersøkingar, SU, tillitsvaldmøte og møte med verneombud.
- Eigarnivå (administrativt og politisk) tek initiativ og legg til rette for gode prosessar og møteplassar for samskaping og medverknad gjennom t.d. styringsdialog, politiske møte, mellomleiarssamlingar og utviklingsarbeid.

«Ei læringsreise er at du finner mange ting som er i naturen og i vannet».

Gutt, 4 år

### Mål 4 Føresette gir barn og unge ein trygg og god oppvekst.

#### **Slik vil vi ha det**

Føresette er trygge og kompetente omsorgspersonar som bidrar til god utvikling for barna sine.

#### **Slik gjer vi det**

- Alle tilsette møter foreldra som ein ressurs, og tek ansvar for å få til eit godt samarbeid med heimen.
- Barnehagane, skulane og kulturskulen rustar og støttar føresette i oppfølginga av eigne barn med dialog, informasjon, temamøte, foreldremøte og utviklingssamtalar.
- Alle barneskulane har foreldreskule etter ein felles plan for føresette til elevar i 1. klasse og 8. klasse (t.d. digitale verktøy, undervisningsmetodar, psykososialt miljø).
- Føresette får støtte og rettleiing til å bli trygge vaksne for sine barn, og vi har tilbod som støttar og styrkar føresette i oppdragar- og foreldrerolla. Overgangar har særskilt fokus.

### Mål 5 Alle har kompetanse og ferdigheiter til å møte krav i framtida.

#### **Slik vil vi ha det**

Leiarar som har nok og riktig kompetanse til å leie og støtte sine tilsette i arbeidet med barn og unge.

#### **Slik gjer vi det**

- Leiarane arbeider kontinuerleg med leiarutvikling.
- Vi har felles utviklingsarbeid i einingane og på tvers av einingane.
- Vi har god samhandling og delingskultur mellom leiarane, både i nettverk og på digitale plattformer, og vi har arenaer for å møtast.
- Vi har jobbskygging og kollegaretleiing i leiargruppa.

#### **Slik vil vi ha det**

Vi har nok tilsette, med rett kompetanse.

#### **Slik gjer vi det**

- Vi er kreative i utlysing av stillingar i form av både tekst, bilete og film, og gjer grundig arbeid i tilsettingsprosessen.
- Vi tilset- og har kvalifiserte og omstillingsdyktige personale i einingane.
- Vi gir god oppfølging og opplæring av nyttilsette
- Vi har kreative, nyskapande og fleksible tilsette som vi treng for å møte framtidas kompetansebehov inkludert det grønne skiftet.
- Vi konkurrerer om dei beste søkjarane.
- Vi oppfyller normkrava om bemanning i dei ulike einingane.
- Vi har god kompetanse på trygt barnehage- og læringsmiljø gjennom kontinuerleg og felles satsing på dette arbeidet.
- Det er sett av felles tid til fagutvikling, felles personalmøte og fagdagar.
- Vi har lærande nettverk og profesjonsfelleskap internt og på tvers av einingane, både i nettverk og på digitale plattformer.
- Vi deltek i aktuelle regionale- og nasjonale satsingar.
- Vi legg til rette for etter- og vidareutdanning.



### ***Slik vil vi ha det***

Vi har nok tilsette, med rett kompetanse.

- Vi har ein plan for Internasjonalt utdanningsamarbeid som er ein naturleg og innarbeidd del av læringsreisa.
- Tilsette har høg profesjonsfagleg digital kompetanse.

### ***Slik vil vi ha det***

Barn og unge sin kompetanse og ferdigheiter er framtidsretta.

### ***Slik gjer vi det***

- Barn og unge blir møtt med tilpassa forventningar og krav ut i frå den enkelte sine føresetnadar.
- Vi arbeider med psykisk helse, livsmestring og sosial kompetanse gjennom heile læringsreisa.
- Vi legg til rette for at barn og unge utviklar refleksjon og kritisk tenking, dybdeforståing, endringskompetanse og forstår samanhengar mellom fagområda.
- Vi gir barn og unge oppleving av meistring, og støttar og utviklar lærelysta deira.
- Vi lærer barn og unge praktiske ferdigheiter og gir dei kompetanse som gjer dei rusta til å takle vaksenlivet.
- Innovasjon og entreprenørskap er ein naturleg og innarbeidd del av opplæringa. Vi deltek på aktuelle regionale og nasjonale tilbod og satsingar.
- Vi motiverer og har ei målsetting om at alle gjennomføre vidaregåande opplæring.
- Vi har ein plan for å bygge kulturelt forståing gjennom Internasjonalt utdanningsamarbeid som er ein naturleg og innarbeidd del av læringsreisa.
- Vi har eit riktig utval av analoge og digitale læremiddel og verktøy, som vert nytta godt i opplæringa, for å møte behova til den einskilde og for å auke læringsutbyttet.
- Barn og unge har digitale ferdigheiter som gjer dei i stand til å ferdast trygt i den digitale verda og lykkast i vidare utdanning, arbeid og samfunnsdeltaking.

«God oppvekst er at blomstrane veks når det blir sommer?»

Jente 5 år







## Kjelder og kunnskapsgrunnlag

### Samfunnsmandatet til Kultur og Oppvekst

#### Lov og føreskrifter:

- Lov om barnehagar
- Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa
- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarak
- Lov om barnevern
- Lov om offentlege styresmakters ansvar for kultur og verksemd (kulturlova) og Lov om folkebibliotek
- Lov om folkebibliotek
- Lov om helse- og omsorgstenestene, helsestasjon og skulehelse
- LK -20
- Rammeplan for barnehagen
- Rammeplan for kulturskolen «Mangfald og fordypning»
- Rammeplan for SFO

#### Nasjonale føringar:

- FN sine berekraftsmål
- Barnekonvensjonen
- Kompetanse for kvalitet. Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere fram mot 2025
- Strategi for kompetanse og rekruttering i barnehagen 2014–2020
- Meld. St. 21 (2016–2017): Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen
- Meld. St. 28 (2015–2016): Fag-Fordypning-Forståelse – En fornyelse av kunnskapsløftet
- Meld. St. 19 (2015–2016): Tid for lek og læring
- Meld. St. 24 (2012–2013): Framtidens barnehage
- Meld. St. 20 (2012–2013): På rett vei. Kvalitet og mangfald i fellesskolen
- Meld. St. 22 (2010–2011): Motivasjon – Mestring – Muligheter Ungdomstrinnet
- Meld. St. 6 (2019–2020): Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO
- Meld. St.18 (2015–2018): Nasjonal bibliotekstrategi, prolongert
- «Barn som lever i fattigdom»: Regjeringens strategi 2015–2017
- «Mestre hele livet»: Regjeringens strategi for god psykisk helse 2017–2022
- «#Ungdomshelse»: Regjeringens strategi for god ungdomshelse 2016–2021
- Prop. 12 S 2016–2017: «Opptrappingsplan mot vold og overgrep» (2017–2021)
- Frivillighetserklæringen (2015)
- Fritidserklæringen (2019)
- Rammeplan for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse, PFDK (Udir)
- Praktisk estetisk strategi i grunnsopplæringa

#### Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:

Statsforvaltaren er staten sin representant i fylket, og har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen er eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter. Statsforvaltaren er klageinstans for kommunale vedtak, skal føre tilsyn med- og formidle relevant informasjon til kommunene. Statsforvaltaren skal også halde sentrale styresmakter orienterte om viktige spørsmål i fylket.

#### Relevante vedlegg og dokument finn du her:

- Link til heimsida under kultur og oppvekst: <https://www.sula.kommune.no/tenester/oppvekst-og-utdanning/>





SULA KOMMUNE

***Sula Kommune***

**A:** Sloghaugvegen 13, 6030 Langevåg

**T:** 70 19 91 00 (mån–fre: 08:00–15:30)

**M:** [post@sulakommune.no](mailto:post@sulakommune.no)

**W:** [sulakommune.no](http://sulakommune.no)

---

